



Direktoratet For Byggkvalitet
Postboks 8742 Youngstorget
0028 Oslo

Dykker ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
	22/110-76 /KRIBON/22/22691	FE-000, TI-&13	17.08.2022

Uttale til endringar i byggeteknisk forskrift (TEK17) §§ 7-3 og 7-4 - Krav til sikkerhet mot skred og flodbølge som følge av fjellskred

Ullensvang kommune syner til foreslåtte justeringar av TEK17, med høringsfrist 17.august 2022. Me takkar KDD for å raskt ha forslått endringar av TEK17, sjølv om større endringar er sterkt ynskeleg. Meir om dette under.

Kort historikk og overordna vurdering

I mars 2022 overleverte NVE aktsomheitskart for flodbølgje for Sørfjorden i Hardanger. NVE er tydelege på at aktsomheitskartet kan bli endra og nedskalert når meir informasjon føreligg om bevegelsane i fjellet.

Aktsomheitskartet har fått enorme konsekvensar. Ei rekje livskraftige samfunn i utvikling, samt industriinvesteringar av nasjonal betydning, er kasta ut i uvisse og i ein del tilfelle stoppa.

I skrivande stund er følgjande utviklingsprosjekt berørt, utsatt eller stoppa;

- Samla investeringar i industri og næringsliv på minst 15 mrd.
- Ei rekje serverings- og handelsetableringar.
- Fem større bustadprosjekt.
- Brannstasjon/-garasje

Ullensvang kommune arbeider kontinuerleg med sikring mot naturfare og har god kompetanse på å handtere dette som forvaltningsmynde. I tradisjonelle scenario med mellom anna kvikkleire, flaum, stein- og snøskred fungerer TEK17-krava godt. I desse situasjonane kan Sørbar eller større bebyggelse i stor grad leggjast til område med akseptabel risiko. I andre tilfelle kan det gjerast sikringstiltak lokalt.

Flodbølgje som følge av fjellskred er noko heilt anna enn dette. Ei flodbølgje som følge av eit stort fjellskred i Sørfjorden vil øydeleggje den einaste byen i Hardanger. Ei rekje bedrifter, der i blant to store smelteverk, vil vere historie. Dei materielle og økonomiske

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss i

rådhuset i Odda
kommunehusa i Kinsarvik og Jondal
www.ullensvang.kommune.no

skadene vil vere utan sidestykke i nasjonal fredstid. Dette altså dersom det dystraste av NVE sin scenario skulle slå til dei neste 5000 åra.

Ullensvang kommune meiner såleis at denne typer saker må vurderast separat og ekstraordinært. Som kjent er fjellskred ein type naturprosessar som går over lang tid. Ved måling, periodisk eller kontinuerleg, kan NVE ha god kontroll utviklinga. All den tid byen og fleire bygder er etablert i ei slik aktsomheitssone, må fokuset vere på eventuell evakuering dersom ein skulle nærme seg ein kritisk situasjon.

Ein fullstendig frys av all større utvikling vil føre til stagnasjon for heile Indre Hardanger. Dette vil samtidig vere umogleg å skapast offentleg forståing for, all den tid styresmaktenein som mynde aksepterer at bygder og byen ligg innanfor sona i dag.

Den foreslårte endringa løyser ikkje den dramatiske utfordringa som TEK17 skaper for by og bygder rundt Sørfjorden. Ullensvang kommune meiner såleis at det må gjerast meir radikale endringar av TEK17 § 7-4 enn det som ligg på høyring no.

Fokuset for allereie bebygde områder bør vere på evakuering og sikkerheit for menneska som skal oppheld seg der. Kommunen vurderer difor at bokstav a.,c.,d., og e. under § 7-4 første ledd bør takast ut av forskrifta.

Konkret gjennomgang og vurdering av KDD sine forslag til endringar

KDD sitt forslag	Ullensvang kommune si vurdering
§ 7-3 første ledd skal lyde: (1) Bygninger som er avgjørende for nasjonal eller regional beredskap og krisehåndtering skal ikke plasseres i skredfarlig område, dersom konsekvensen av et skred, herunder sekundærirkninger av et skred, vil føre til at beredskapen svekkes.	Høyringsbrevet klargjer kva som er grunnlaget og tydinga av dette punktet, men punktet i seg sjølv kan vere uklart. Det kan vere utfordrande å vurdere når beredskapen "svekkes" eller ikkje. I høyringsbrevet går det fram at t. d. brannstasjon kan etablerast innanfor fareområdet. Skildringa bør bli lagt inn under "veiledning til første ledd" på dibk.no. I høyringsbrevet går det fram at det er viktigare at ein eventuell brannstasjon fungerer før og under ei evakuering før ei eventuell flodbølgje. Dette går ikkje fram av forslaget til endring. Punktet er uklart og ope for tolking.
§ 7-4 første ledd skal lyde: (1) Med unntak av byggverk som ikke oppfyller § 7-3 første ledd eller bygninger som har beboere eller brukere som ikke kan evakuieres ved egen hjelp, kan det	OK

tillates utbygging i områder med fare for flodbølger som skyldes fjellskred dersom følgende vilkår er oppfylt:	
Første ledd bokstav b skal lyde: b) personsikkerheten er ivaretatt ved et forsvarlig beredskapssystem som er basert på periodisk eller sanntids overvåking, varsling og evakuering, og det er foretatt en særskilt vurdering av om det skal være restriksjoner for oppføring av bygninger som er vanskelige å evakuere. Varslingstiden skal ikke være kortere enn 72 timer og evakueringstiden skal være på maksimum 12 timer	I følgje rettleiinga til dette vilkåret er det svært omfattande tiltak som må på plass for å oppfylle vilkåret. Ullensvang kommune ber om at det vert presisert at beredskapssystemet skal utformast på eit overordna nivå, med evakuering av berørte innbyggjarar til trygge område i inntil 48 timer. Kommunane vil ikkje ha ressursar til å kunne evakuerere og huse eit stort antall innbyggjarar i lengre periode enn dette. I løpet av 48 timer bør òg statlege ressursar kunne vere på plass.
Nytt tredje ledd skal lyde: (3) Bygninger, konstruksjoner eller anlegg, herunder lektore og hoteller, som plasseres på eller i direkte tilknytning til bygge- eller anleggsmot hvor arbeid pågår, kan plasseres uavhengig av vilkårene i bokstav a, c, d og e og uten krav om søknad og dispensasjon.	OK

Kommunen sine forslag til vidare endring av TEK17:

Gjeldande § 7-3. Sikkerhet mot skred

(2) For byggverk i skredfareområde skal det fastsettes sikkerhetsklasse for skred etter tabellen under. Byggverk og tilhørende uteareal skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot skred, herunder sekundærvirkninger av skred, slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen ikke overskrides.

Av rettleiinga på dibk.no går følgjande fram:

3. Sikkerhetsklasse S3 omfatter for eksempel byggverk der det normalt oppholder seg mer enn 25 personer, eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser. Eksempler på byggverk som kan inngå i denne sikkerhetsklassen er.....

Kommunen vurderer at denne rettleiinga gir rom for tolking. Kommunen vil be om at det vert gitt ei klarare rettleiing for kva som er eit S1-tiltak, S2-tiltak og kva som er eit S3-tiltak. Ber og om at det vert klargjort kva som er definisjonen av eit "byggverk". T.d. om fleire bygg heng saman, gnr/bnr. Vi opplever at brannkonsept ikkje samsvarer med kva tryggleiksklasse bygget vert plassert i. Vi ber om de vurderer kva som skal vere førande, t. d. brannkonsept, for kva tryggleiksklasse byggverket skal plasserast.

Gjeldande § 7-4. Sikkerhet mot skred. Unntak for flodbølgje som skyldes fjellskred

(1) For byggverk som ikke omfattes av § 7-3 første ledd kan det likevel tillates utbygging i områder med fare for flodbølger som skyldes fjellskred, der alle følgende vilkår er oppfylt:

a. konsekvensene av byggerestriksjoner er alvorlige og utbygging er av avgjørende samfunnsmessig betydning,

Det er ikke lagt inn forslag til endring for dette vilkåret. I gjeldande forskrift er det lagt opp til det vi vurderer som eit svært omfattande arbeid for å vurdere og analysere kost-nytte av utbyggingsprosjekt før det kan verte gitt løyve til utbygging. Det er også vanskeleg å vite kven som skal utføre denne analysen, og kva kriteria skal vere. Dette går fram av rettleiinga på dibk.no:

Med alvorlig menes her at samfunnet mister muligheten for utvikling som følge av manglende aktuelle alternative utviklingsarealer, jf. bokstav b. I tillegg må utbygging være av avgjørende samfunnsmessig betydning. Det vil for eksempel være tilfelle dersom byggeforbudet medfører at utbygging av infrastruktur stopper opp eller viktig næringsvirksomhet flyttes ut av kommunen. Vurderingen av om utbygging er av avgjørende samfunnsmessig betydning må gjøres på bakgrunn av en samfunnsøkonomisk kost-nytte-analyse. I analysen må det gjøres en vurdering av de negative konsekvensene som følge av økte materielle tap ved en naturkatastrofe, opp mot positive konsekvenser for samfunnsutviklingen ved å tillate utbygging i de berørte områdene.

Kommunen vurderer at vilkåret bør fjernast, då det vil vere svært vanskeleg å vurdere at enkelte tiltak ikkje har stor nok samfunnsmessig tyding. Kommunen vurderer at å utarbeide ein analyse over kost-nytte vil vere eit vilkår som i realiteten ikkje er av betydning i denne samanhengen. Forslaget til endring opnar for utbygging i fareområde, og som det går fram av høyringsbrevet er det persontryggleik som er det viktigaste punktet. Dette vert handter gjennom vilkåret bokstav b under denne paragrafen. Dette vilkåret er også ein motsetnad til føremålet med høyringsforslaget som er å *tilrettelegge for å opprettholde verdiskaping, utvikling og levedyktige lokalsamfunn i fareområder, samtidig som personsikkerheten er ivaretatt*. Kommunen vil difor sende innspel om at vilkåret bokstav a. under § 7-4 bør fjernast.

c. det finnes ikke andre alternative, hensiktsmessige og sikre byggearealer,

Av rettleiinga på dibk.no til dette punktet går dette fram:

Dette innebærer at det ikke vil være fritt fram for kommunen å benytte områder som ligger i oppskyllingsområdet, selv om disse framstår som mer attraktive. Det må foretas en grundig vurdering av andre areal i forhold til hensiktsmessighet og sikkerhet. Presiseringen vil imidlertid gi kommunene større mulighet til å videreutvikle sentrale sentrumsfunksjoner.

Kommunen vurderer at det i mange tilfelle vil vere aktuelle alternative areal for dei aller fleste nye funksjonar. Kommunen vurderer at dette vilkåret er i motsetnad til første ledd i §

7-4. Det vil vere vanskeleg å vurdere når kommunen eventuelt skal bruke dette vilkåret, og det vil undergrave eksisterande sentrumsområde. Det kan t. d. etablerast nye sentrumsområde, men dette vil vere negativt for verdiskaping, utvikling og levedyktige lokalsamfunn. Kommunen vurderer at vilkåret er relevant med omsyns til persontryggleik, og vil tilrå at vilkåret vert fjerna.

e. utbyggingen er avklart i regional plan, kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan (områderegulering), herunder gjennom konsekvensutredning.

I rettleiinga på dibk.no til dette vilkåret går følgjande fram:

Vilkårene i forhold til utbygging og overvåking og beredskap skal være avklart i en forutgående planprosess, det vil si i regional plan (jf. plan- og bygningsloven § 8-1), kommuneplanens arealdel (jf. plan- og bygningsloven § 11-5) eller i reguleringsplan/områderegulering (jf. plan- og bygningsloven § 12-2). Planformene og begrepene regional plan, kommuneplanens arealdel og områderegulering er i samsvar med ny plan- og bygningslov - plandelen, som trådte i kraft 1. juli 2009. Planprosessen må derfor være gjennomført etter at endringen i teknisk forskrift 1997 ble vedtatt og trådt i kraft 3. september 2009. Utredninger og planer som er foretatt før ikrafttredelse 3. september 2009, kan likevel legges til grunn for utbygging dersom det kan dokumenteres at de tilfredsstiller kravene i ny forskrift.

Planprosessen må omfatte nødvendige utredninger og nødvendige prosesser, herunder:

1. belyse hva arealene skal benyttes til for å sikre at endringen er del av en helhetlig plan
2. utrede hvilken risiko man står overfor (ROS-analyse), det vil si tydeliggjøre faren og konsekvensene ved flodbølger som skyldes fjellskred for ny, planlagt bebyggelse
3. utrede hvilke samfunnsmessige konsekvenser et byggeforbud vil ha (konsekvensanalyse) og sannsynliggjøre at disse er så vesentlige at unntak er nødvendig
4. dokumentere at alternative tomtearealer som kan benyttes er utredet og begrunne hvorfor de er uaktuelle
5. dokumentere at samfunnsøkonomiske tiltak for å sikre mot skredulykker er gjennomført, både farereduserende tiltak (sikring av skredfarlig område) og konsekvensreduserende tiltak (sikring av bygninger og infrastruktur mot skader fra skredmasser)
6. sikre involvering fra fagetater som NVE, fylkesmannen, DSB mv., som etter plan- og bygningsloven har en rolle som fagmyndighet og som har innsigelsesrett.

Videre innebærer kravet til plan krav om konsekvensutredning (jf. plan- og bygningslovens § 4-2). For å dekke områder hvor plan- og bygningsloven ikke krever konsekvensutredning er dette kravet presisert i forskriften. Kravet om konsekvensutredning gjøres også

gjeldende for eksisterende bebyggelse og vedtatte planer. Det presiseres at det ikke kan dispenseres fra plankravet. Dette på bakgrunn av de omfattende utredningskravene som følger av § 7-4.

Under forutsetning av at det ikke er snakk om oppføring av bygninger hvor konsekvensene av skred, herunder flodbølger som skyldes fjellskred, er særlig stor og vilkårene i § 7-4 første ledd er oppfylt, vil det etter bestemmelsen kunne oppføres blant annet hoteller, fabrikker, forretninger, restauranter, leilighetskompleks, lagerbygg og dypvannskaier.

Kommunen vurderer at dette vilkåret er svært omfattende. Kommunen vurderer at punkt nr. 1 ikke er relevant i denne samanheng. Arealbruk i kommunen vert bestemt gjennom kommuneplanen sin arealdel. Innhaldet i vilkåret om at arealbruken skal verte sett på i ein heilskapleg plan vurderer kommunen at er oppfylt gjennom arealplanen.

Punkt nr. 2 er kjent gjennom kartlegginga til NVE. I alle typar planarbeid på alle nivå skal det utarbeidast ROS-analyse der ulike farar skal vurderast. Kommunen vurderer at dette vilkåret ikke er naudsynt. Fare for flodbølgje vil gå fra av ROS-analysar i alle plansaker.

Kommunen vurderer vidare at innhaldet i punkta nr. 3, nr. 4 og nr. 5 det same som går fram av bokstav a, c og d i § 7-4.

Fagmynde med innsigelsesrett er alltid og skal alltid vere involvert i prosesser der dei har rolle som fagmynde. Dette punktet nr. 6 vurderer kommunen som ikke naudsynt og utan reelt innhald for denne aktuelle saka. Kommunen vurderer at dette vilkåret er sikra gjennom plan- og bygningslova § 3-2, og gjeld for all ny planlegging.

Vilkåret er for omfattande til å kunne verte fulgt. Kommunar har i nokre tilfelle relativt nye arealplanar, men som ikke utgreier flodbølgje då dette er ny informasjon. Det å måtte utarbeide eit heilt nytt planverk på alle nivå i ein kommune for å kunne tillate utbygging i fareområde er ein motsetnad til intensjonen i plan- og bygningslova om *tilrettelegging for en fornuftig og forsvarlig samfunnsutvikling*. Det er ikke fornuftig at kommunar som allereie har eit oppdatert og gjeldande planverk må utarbeide nye planar for at det kan verte tillate utbygging. Utbygginga vil likevel vere forsvarleg då persontryggleik vil verte ivaretak gjennom vilkår bokstav b i § 7-4.

I arbeid med ny arealdel, nye områdereguleringsplanar og nye detaljreguleringsplanar vil fare for flodbølgje verte vurdert på lik linje med andre tema/ farar som skal greiast ut. Dette vil skje i tråd med plan- og bygningslova § 3-1, § 4-1 (i nokre saker), § 4-2 og § 4-3.

(2) Mindre tilbygging, påbygging eller underbygging av eksisterende byggverk kan tillates uten krav om plan etter første ledd bokstav e og dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19, så fremt utvidelsen ikke medfører økt fare for skade på liv og helse.

Det bør opnast for at det og kan gjennomførast bruksendring i dette ledd 2), då dette er bygg som allereie er oppført.

TEK17 §7-4 - Samla vurdering og forslag

Oppsummert for § 7-4 meiner kommunen at det er persontryggleik som må vere ivareteke for å kunne tillate utbygging i fareområder. Dette går også fram av høyringsnotatet fra KDD.

Kommunen vurderer difor at bokstav a.,c.,d., og e. under § 7-4 første ledd bør fjernast. Desse vilkåra gjeld ikke persontryggleik. Kommunen vurderer at desse punkta vil kunne verte ivareteke gjennom planarbeid i tråd med plan- og bygningslova som nemnt over. Kommunen meiner bokstav b. bør endrast, då den er for omfattande til å kunne gjennomførast slik den står i gjeldande forskrift.

Det går også fram av høyringsbrevet at fjellparti har høg og moderat risiko. Høgrisikoobjekt har kontinuerleg overvåking, medan objekt med moderat risiko har periodisk overvåking. Om eit objekt går fra moderat risiko til høg risiko vil det då få kontinuerleg overvåking. Kommunen vil difor kome med innspel om at vilkår om evakuering og varsling berre vil gjelde for høgrisikoobjekt med kontinuerleg overvåking, og ikke for objekt der det er moderat risiko for skred med periodisk overvåking.

Helsing

for Ordførar Roald Aga Haug

Kristian Bondhus-Jensen
kommunalsjef

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikke signatur.

Kopi til:
Ole-Jørgen Jondahl rådmann